



Det aktuelle hytteområde ligg til høgre, ved Søre Skorpevågen. (Foto: Erlend Moen)

**J. Tufteland, som har laga reguleringsplanen for tre nye hytter ved Søre Skorpevågen på Skorpo, skriv i ein kommentar at fylkesmannens miljøvernaving sin merknad kom inn lenge etter fristen og at det må liggja ei mistyding til grunn for merknaden..**

Avdelinga går inn for at det ikkje blir gått vidare med planen. Grunneigar og oppdragsgjevar er Kåre Hauge frå Nesttun i Bergen.

Miljøvernavinga viser til at dette er ein del av eit større LNF-område om at det slik sett ikkje opnar for byggjeføremål. Til dette skriv Tufteland at dette må vera ei mistyding som kommunen bør gjera fylkesmannen merksam på. Tufteland peikar på at området i gjeldande kommuneplan er vist som LNF-område der det er tillete med spreidd bygging av bustader.

Vegvesenet meiner at det bør planleggjast "landfeste" på fastlandssida med parkeringsplass og båt plass for dei som skal ut til hyttfeltet. Her er kommentaren frå Tufteland at eigarane av andre hytter på Skorpo kjem med båt frå ymse stader, som andre stader i Kvinnherad og Stord..

Etablering av eit slikt "landfeste" er difor ikkje relevant for denne planen. Dessutan kan grunneigaren tilvisa plass på Skorpo for hyttekjøparane, for der har han eigen båt plass.

Planområdet er 9,7 dekar. Tomtene er romslege for at bygningane skal kunna tilpassast naturlandskapet. Tomtegrensene er trekt minst 30 meter frå sjøen og byggjegrænse mot sjøen er sett til 40 meter. Alle hyttene får private uteopphaldsareal i tillegg til direkte kontakt med friluftsområde like ved, opplyser Tufteland.

Av Ola Matti Mathisen